



Lina Håland (31), vår sokneprest, har hatt einskilde ekstra utfordringar fordi ho er kvinne. I eit stort intervju i Kvinnheringen idag kjem dette temaet på bane og ho svarar slik: - Akkurat det er ikkje så mykje å snakka om. Det eg kan seia er at det går betre og betre.

Lina kjem naturleg inn på innvandringa og ho trur at fordømmar og frykt ligg bak mykje av dei fiendtlege haldningane overfor framande, Ho held fram at vi må ta imot dei som kjem på ein god måte og prøve å bli kjende med dei.

Fordømmar og frykt har ein tendens til å forsvinna når vi tek oss til til å lytta og forstå, Julehelga er ei fin tid til å minna oss sjølv om dette. Soknepresten har sjølv ein av sine næraste venner som er muslim. Ho held gudsteneste julaften ettermiddag klokka 14.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen

Foto: Hans Ordin Østebø